



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 102/72 - Vabø - fritidsbustad riving / oppføring - søknad om dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 13.01.2021. Saka gjeld søknad om riving av eksisterande hytte og oppføring av ny hytte med tilhøyrande utsleppanlegg – slamavskiljar på gnr. 102 bnr. 72 Vabø. Tiltaka krev dispensasjon frå planføremål LNF-område og frå byggjeforbod i 100 meters belte mot sjøen.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Det er søkt om å rive eksisterande hytte med BRA på 55m² og føre opp ein ny hytte med BRA 121m². Det står også eit anneks med BRA 29 m² på eigedomen, som ikkje skal rivast. Eigedomen ligg i strandsona ute på ein eksponert odde. Vi vurderer det som uheldig utifrå eit landskapsperspektiv å tillate ei vesentleg større hytte på denne eigedomen, enn den som er der i dag. Vi er også uroa for uheldig presedensverknad denne saka kan få for liknande saker i området og i kommunen elles.

Vi rår ifrå dispensasjon for tiltaket, slik det er omsøkt.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Statsforvaltaren for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN